

Nærings- og fiskeridepartementet
postmottak@nfd.dep.noDato: 22.06.2015
Vår ref.: 2015/5516-3
Saksbehandlar: kjedoss
Dykkar ref.:

Høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune - forslag til endring i lov om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrift

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde følgjande vedtak i sak 169/2015 Høyring til forslag om endring av lov om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrift:

«Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

1. Fylkesutvalet er positiv til at regelverket for offentlege anskaffingar vert forenkla, og oppmodar Nærings- og fiskeridepartementet om å leggje til rette for størst mogeleg handlingsrom for offentlege oppdragsgjevarar.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Nedanfor følgjer saksframlegget til saka:

«Høyring til forslag om endring av lov om offentlige anskaffelser og tilhøyrande forskrifter

Samandrag

EU vedtok 26. februar 2014 tre nye direktiv om offentlege anskaffingar, med mål om å auke fleksibiliteten, reduserte administrative byrder og skape større rettsleg klarhet når det gjeld regelverket for offentlege anskaffingar. Nærings- og fiskeridepartementet har utarbeida forslag til endringar i dagens regelverk basert på direktiva, og har sendt desse på høyring. Frist for å levere høyringsfråsegn er 17. juni.

Høyringsbrevet kan ein lese her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a20179ad1beb4de9b4d7f5ccec80c094/horingsbrev.pdf>

Fylkesrådmannen er svært positiv til endringane som i stor grad vil medføre ei forenkling av regelverket og ei større mogelegheit til å vektlegge samfunnsfaglege omsyn som miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold i anskaffingar. Fylkesrådmannen vil samtidig oppmode departementet om å ikkje formulere større plikter overfor offentlege oppdragsgjevarar enn det vi er forplikta til etter direktiva.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet er positive til at regelverket for offentlege anskaffingar vert forenkla, og oppmodar Nærings- og fiskeridepartementet om å leggje til rette for størst mogeleg handlingsrom for offentlege oppdragsgjevarar.
2. Vedtaket og saksframstillinga vert sendt Nærings- og fiskeridepartementet som høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi- og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 2 image001
- 2 image001

Fylkesrådmannen, 29.05.2015

1. Bakgrunn

EU vedtok 26. februar 2014 tre nye direktiv om offentlege anskaffingar:

- Direktiv 2014/24/EU som skal erstatte direktiv 2004/18/EF, og som i Noreg er gjennomført i forskrift om offentlige anskaffelser av 7. april 2006 nr 402 (foa).
- Direktiv 2014/25/EU som skal erstatte direktiv 2004/17/EF, og som i Noreg er gjennomført i forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene av 7. april 2006 nr 403 (forsyningsforskrifta).
- Eit heilt nytt direktiv om konsesjonskontraktar; direktiv 2014/23/EU. Slike kontraktar er i dag i all hovudsak unntatt frå anskaffingsregelverket.

Føremålet med revisjonsprosessen har frå EU si side vore å bidra til auka fleksibilitet, reduserte administrative byrder og større rettsleg klarhet. I tillegg skal endringane gje auka mogelegheit til å ivareta andre samfunnsomsyn som miljø, sosiale omsyn, innovasjon og lettare tilgang til offentlege kontraktar for små og mellomstore bedrifter. Gjennomføringsfristen i EU er 18. april 2016.

Direktivendringane krev endringar i både lov og fleire forskrifter knytt til offentlege anskaffingar. Nærings- og fiskeridepartementet har sendt ut forslag til nytt regelverk på høyring, med frist for å levere høyringsfråsegn 17. juni. Høyringsbrevet kan ein finne her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a20179ad1beb4de9b4d7f5ccec80c094/horingsbrev.pdf>

Det er samstundes eit pågåande arbeid knytt til endringar i den særnorske delen av anskaffingsregelverket, basert på NOU 2014:4 Enklere regler – bedre anskaffelser. Forslag til nye reglar var på høyring i fjor haust, og fylkesutvalet behandla høyringsfråsegn til dette den 30. oktober 2014, i sak 2014/21602.

Fylkesrådmannen vil i denne saksframstillinga gjennomgå og gje ei vurdering av dei endringsforslaga som fylkeskommunen har særlege merknadar til, avgrensa til endringsforslaga i lov og forskrift om offentlige anskaffelser.

2. Innhald og vurdering av dei aktuelle endringsforslaga

Punkta er sett opp i tråd med overskriftene i høyringsnotata, for å tydeleggjere våre innspel til departementet.

2.1 Endringar i lov om offentlige anskaffelser

3.2 Lovens formålsbestemmelse

Departementet har føreslått følgjande tekst som føremålsfråsegn i lova: «*[L]oven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser og sikre at det offentlige opptre med integritet ved gjennomføringen av offentlige anskaffelser*».

Fylkesrådmannen er positiv til denne formuleringa, då den får fram føremålet på ein kort og oversiktleg måte, men og får vist at ikkje-anskaffingsfaglege omsyn er viktig ved å presisere at «effektiv bruk av samfunnets ressurser» skal fremjast av lova. Dette er og i tråd med vår høyringsfråsegn av 30.10.14.

3.4 Lovens § 6 – miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold

Departementet har føreslått å behalde ei føresegn i § 6 i lova knytt til ikkje-anskaffingsfaglege omsyn, men har omformulert denne i forhold til dagens føresegn. Departementet sitt forslag seier konkret at anskaffingspraksisen skal innrettast «*slik at den bidrar til å redusere miljøpåverknings og fremme klimavennlige løsnings*», og at offentlege oppdragsgjevarar skal «*ha etablert egnede rutiner for å ivareta hensynet til grunnleggende menneskerettigheter ved offentlige anskaffelser der det er en risiko for brudd på slike rettigheter*». I tillegg er det eksplisitt uttalt at oppdragsgjevarar kan stille krav knytt til «*miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold, forutsatt at disse kravene og kriteriene har tilknytning til leveransen*».

Fylkesrådmannen er positiv til at ikkje-anskaffingsfaglege omsyn framleis vert inkludert i lova. Dette er som framheva i vår høyringsfråsegn av 30.10.14 særst viktige omsyn, som det er viktig at vi som offentlege oppdragsgjevarar vert minna på. Dei nye direktiva gjev ei utvida mogelegheit til å trekke inn ulike samfunnsomsyn i offentlege anskaffingar, og det er positivt at dette kjem tydeleg fram i departementet sitt forslag.

Fylkesrådmannen stiller likevel spørsmålsteikn ved om formuleringa «*skal ... ha etablert egnede rutiner for å ivareta hensynet til grunnleggende menneskerettigheter*» er den mest hensiktsmessige, når det som departementet sjølv påpeiker vil variere kva ressursar og kompetanse oppdragsgjevarar har til å kunne stille og følgje opp slike krav. Hordaland fylkeskommune har ein innkjøpsfunksjon med gode faglege og økonomiske ressursar, men det er ikkje alle kommunar som er i same situasjon. Slik føresegna er formulert i forslaget er det lagt opp til ein rettsleg standard for kva som er eigna i det konkrete typetilfellet, uavhengig av oppdragsgjevarane sine ulike føresetnadar.

3.5 Ny § 6 a om krav til lærlingar ved offentlige anskaffelser

I dagens forskrift om offentlege anskaffingar er det opna for at det kan setjast krav til norske oppdragsgjevarar om at desse er tilknytt ei offentleg godkjent lærlingordning ved gjennomføringa av ein kontrakt. Departementet foreslår å fjerne føresegna frå forskrifta, og heller ta inn i loven ein heimel til å fastsette forskrift om at oppdragsgjevarar skal ha plikt til å stille krav om lærlingar ved anskaffingar innan

særskilte fag, bransjar eller områder. Det er presisert at kravet må utformast slik at det står i høve til kontraktens art og størrelse.

Fylkesrådmannen er svært positiv til at ei føresegn knytt til lærlingklausul vert vidareført og at innhaldet i klausulen vert utvida, då dette utgjør eit godt verkemiddel for å sikre lærlingplassar og for at vi som offentleg oppdragsgjevar handlar med seriøse aktørar. Vi ber likevel departementet grundig vurdere verknaden av at det skal vere ei plikt til å nytte lærlingklausul og ei plikt til å nytte lærling på det konkrete oppdraget som er anskaffa, og då særleg konsekvensen dette vil få for utanlandske leverandørar. Det er ikkje openbart at ein regel som vil tvinge utanlandske lærlingar til å arbeide i Noreg er hensiktsmessig, og vi vurderer det slik at ein større valfridom for oppdragsgjevar ville vore ei betre løysing.

Når det gjeld det konkrete forslaget til lovtekst vil det etter vår vurdering vere hensiktsmessig å klargjere om det er høve til å stille slike krav der dette ikkje er pålagt ved forskrift, til dømes i andre bransjar eller for kontraktar med lågare verdi enn det som forskrifta vil setje. Skiljet mellom oppdragsgjevar si rett og plikt knytt til slike krav framstår i forslaget som noko uklart.

Vi vil og påpeike at formuleringa «*bransjer*» er ei lite presis formulering, som ofte ikkje vil ivareta behovet for lærlingplassar innan konkrete lærefag. Det er difor viktig å tydeleggjere kva som ligg i dette i forskrifta.

Når det gjeld det nærare innhaldet i ei eventuell plikt til å stille krav om bruk av lærlingar er vi spente på departementet sitt forslag til forskrift. Vi vil påpeike at det uansett er viktig å formulere fornuftige unntak frå plikta, for eksempel for leverandørar frå land der det ikkje finnes lærlingordningar eller utdanningssystemet er annleis enn i Noreg.

Det er vidare eit innspel frå fagopplæringskontoret i fylkeskommunen at det vil vere utfordrande å operere med permanente lister over bransjar/fag/områder der det skal vere krav om lærlingklausul, då behovet raskt endrar seg. Også her vil det vere viktig å formulere gode unntak, eksempelvis der det ikkje er mogeleg for bedriftene å få tilsett kompetente lærlingar. Eventuelt bør det vurderast om det finst andre og meir dynamiske løysingar knytt til denne utfordringa, for eksempel eit generelt formulert krav med mogelegheit for dispensasjon eller liknande i det konkrete tilfellet.

2.2 Endringar i forskrift om offentlige anskaffelser

2.6.1/3.1 Generelt/Strukturen til forskriftens del III

Fylkesrådmannen er einig med departementet i at oppbygginga av forskrifta bør følgje løpet i ein anskaffingsprosess så langt det lar seg gjere. Med det i tankane, vil vi foreslå ei noko anna oppbygging enn det som ligg i forslaget.

Departementet ber særskilt på innspel om føresegnene om rådgjevarhabilitet og innkjøpssentralar bør plasserast i del I eller del III. Vi er av den oppfatning desse reglane bør plasserast i del I, då desse gjeld generelt. I same retning trekk at regelen om rådgjevarhabilitet i dag er plassert i forskrifta del I.

Vi vil og oppmode departementet om å vurdere om andre kapittel og føresegner som ikkje høyrer naturleg heime i anskaffingsprosessen og gjeld generelt og skal plasserast i del I, eller i del IV som då bør ha eit nytt namn. Dette gjeld spesielt kapitlet om elektroniske verktøy (foreslått kapittel 22) og deler av kapitlet om rammeavtalar, innovasjonspartnerskap og dynamiske innkjøpsordningar (foreslått kapittel 21).

Fylkesrådmannen foreslår følgjande rekkefølge på kapitla:

Kapittel 7 – Dialog med markedet før konkurranse (foreslått kap. 7)

Kapittel 8 – Valg av anskaffelsesprosedyre (foreslått kap. 9)

Kapittel 9 – Frister (foreslått kap. 10)

Kapittel 10 – Oppdeling av anskaffelser og bruk av underleverandør (foreslått kap. 14)

Kapittel 11 – Kommunikasjon (foreslått kap. 15)
 Kapittel 12 – Konkurransgrunnlag (foreslått kap. 8)
 Kapittel 13 – Kvalifikasjonskrav og utvelgelse av leverandører (foreslått kap. 12)
 Kapittel 14 – Kravspesifikasjoner (foreslått kap. 11)
 Kapittel 15 – Tildelingskriterier (foreslått kap. 13)
 Kapittel 16 – Kunngjøring (foreslått kap. 16)
 Kapittel 17 – Gjennomføring av konkurransen (foreslått kap. 17)
 Kapittel 18 – Avvisning (foreslått kap. 18)
 Kapittel 19 – Avslutning av konkurransen (foreslått kap. 19)
 Kapittel 20 – Anskaffelsesprotokoll og dokumentasjonsplikt (foreslått kap. 20)
 Kapittel 21 – Endringer i kontrakten og oppsigelse (foreslått kap. 23)
 Kapittel 22 – Sanksjoner ved ulovlige direkte anskaffelser mv. (foreslått kap. 25).

I vårt forslag legg vi opp til at kapitlet om konkurransegrunnlag kjem seinare enn departementet har føreslått. Vi ser departementet sitt argument om at føreseigna om konkurransegrunnlag kan nyttast som ein rettleiar og at dette kapitlet difor bør kome tidleg i rekka, men meiner likevel at ei rekkefølge der dei førebuaande aktivitetane og avklaringane kjem før utarbeiding av eit konkurransegrunnlag er meir i tråd med arbeidsprosessen.

2.6.2 Kontraktsvilkår

Departementet føreslår at ny § 5-7 seier at oppdragsgjevar kan setje kontraktsføreseigner, inkludert vilkår knytt til økonomi, innovasjon, miljø, sysselsetting og sosiale omsyn, så lenge desse har tilknytning til leveransen.

Fylkesrådmannen er positiv til at det framleis vert nemnd at kontraktsføresegnene kan gjelde miljø- eller sosiale omsyn, og at det vert presisert at desse skal ha tilknytning til leveransen. Det kan med fordel presiserast at vilkåra som er nemnd er eksempel.

Som ei språkleg forbetring vil vi foreslå at første del av føreseigna heiter «*Oppdragsgiver kan fastsette kontraktsvilkårene for gjennomføringen av en kontrakt...*».

Det er vidare føreslått ei plikt for oppdragsgjevar til å leggje ved kontraktsføresegnene i anskaffingsdokumenta. Vi er positive til at kontrakt må sendast ut før tilbudsfrist, då dette vil sikre at leverandørane konkurrerer på like vilkår. Vi er likevel skeptiske til å pålegge oppdragsgjevar ei plikt til å sende ut kontraktsutkastet allereie i første runde i ein to-trinns prosedyre, sjå og vår kommentar til punkt 3.2.2 om konkurransegrunnlag. Dersom forslaget blir oppretthaldt, vil vi anbefale at pliktregelen kjem som første avsnitt i § 5-7.

3.2.2 Konkurransgrunnlag

Departementet har i forslag til kapittel 8 lista opp kva informasjon som skal vere tilgjengeleg i eit konkurransegrunnlag ved kunngjering av konkurransen. Fylkesrådmannen er positiv til ei klargjering av innhaldet i konkurransegrunnlaget, men stiller spørsmålsteikn ved at det ikkje er skilja mellom informasjonsplikt i første og andre runde av ein to-trinns prosedyre. Vi er einige med departementet i at direktiva legg opp til at eit meir omfattande konkurransegrunnlag no skal utarbeidast i forkant av første runde, men meiner departementet går lenger enn direktivteksten når det gjeld kva informasjon som er naudsynt å ha med i konkurransegrunnlaget. Mellom anna kan nemnast kontraktsutkast, vekting av tildelingskriteria og fullstendig kravspesifikasjon. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at føreseigna om kvalifikasjonsgrunnlag ikkje vert fjerna, og at det tydeleg vert presisert kva oppdragsgjevar kan vente med å opplyse om til etter prekvalifiseringa.

Det bør og kome klarare fram at konkurransegrunnlaget skal publiserast på kunngjeringstidspunktet, for eksempel ved at dette står direkte i § 8-1, ved at den føreslåtte § 8-3 blir flytta til først i kapitlet, eller i alle fall at denne føresegna kjem like etter den føreslåtte § 8-1.

3.2.5 Valg av anskaffelsesprosedyre

Fylkesrådmannen er svært nøgd med at det no vert utvida mogelegheit til å forhandle i anskaffingsprosessar. Departementet si tolking av direktivet er fornuftig, og vi håpar at forhandlingsadgangen i praksis vil bli auka.

I § 9-3 er det fastsett unntaksheimlar for å gjennomføre ein konkurranse med forhandling utan kunngjering. Det framstår som noko uklart kva rett eller plikt oppdragsgjevar når det gjeld å inkludere leverandørar som har vorte avvist når ein skal nytte heimelen i § 9-3 bokstav b, og ser at dette gjerne kan klargjerast frå lovgjevar si side. Vi vil påpeike at det vil vere av stor nytte for oppdragsgjevar å ha valfridom i slike tilfelle.

Fylkesrådmannen er positiv til at dei tilfella der det ikkje reelt er snakk om å gjennomføre forhandlingar blir samla i ei eiga føresegn (§ 9-4 Vilkår for anskaffelse uten konkurranse), dette vil medføre ei klargjering og forenkling samanlikna med dagens løysing.

3.2.6 Frister

Departementet ber særskilt om høyringsinstansane sitt syn på mogelegheita for ikkje-statlege leverandørar til å fastsetje tilbudsfrist i ein avgrensa konkurranse eller konkurranse med forhandling i samarbeid med leverandørane. Fylkesrådmannen er svært positiv til dette, då det gjev oss større fleksibilitet og mogelegheit for ein meir effektiv gjennomføring av konkurransen.

3.2.14/15 Krav om bruk av elektronisk kommunikasjon/Bruk av elektroniske signaturer mv.

I direktivet er det no fastslått at kommunikasjon i all hovudsak skal skje elektronisk. Hordaland fylkeskommune har nytta elektronisk konkurranseverkty i eit par år no, og er svært nøgde med denne utviklinga.

I forslag til § 15-3 er det stilt krav til mottak og oppbevaring av informasjon som blir sendt inn via elektroniske leveringsløyser. I siste punkt er det sagt at oppdragsgjevar «skal i tilfredsstillende grad sikre at overtredelse eller forsøk på overtredelse av denne bestemmelsen klart kan spores». At forsøk på overtredelse av reglane klart skal kunne sporast kan vere eit for strengt krav. For vår del vil dette som eit eksempel medføre at vi må kunne spore alle som forsøker å logge seg på systemet, noko som i følge vår systemleverandør ikkje er mogeleg per i dag. Vi kan heller ikkje sjå at eit så strengt krav følgjer av direktivteksten.

Når det gjeld krav om elektronisk signaturar mv., framstår det som noko uklart kva som ligg i at vi må ha «tilfredsstillende sikkerhet» for sannsynleggjering av kva leverandør som har levert tilbodet, og når vi må nytte elektronisk signatur. Vi ønskjer difor at departementet utdjupar dette i rettleiar e.l.

3.2.16 Kunngjering

Departementet har i forslag til § 16-6 teke inn direktivet sine føresegner om kunngjering om kontraktsinngåing. Fylkesrådmannen stiller spørsmålsteikn ved korleis forholdet mellom unntaket frå å publisere visse opplysningar som er formulert i § 16-6 (5) og dei generelle unntaksreglane i offentleglova vil vere, og om dette unntaket er vidare enn unntaksheimlane i offentleglova. Dersom dette ikkje er tilfelle, bør det vurderast om denne delen av føresegna er overflødig.

3.3.5 Ettersending av opplysninger og dokumentasjon

I direktivet er det innført ein vid moglegheit for oppdragsgjevar til å innhente supplerande opplysningar og dokumentasjon. Fylkesrådmannen er svært positiv til at avklaringsmoglegheita vert utvida, då dette vil medføre færre unødvendige avvisingar og meir effektive anskaffingar. Likevel er avklaringsmoglegheita avgrensa til «opplysningar og dokumentasjon» som er feil eller manglar, og utelukkar etter sin ordlyd ein del avklaringar som kan vere naudsynte. Spørsmålet er om formuleringa er meint slik, eller om ei anna formulering hadde vore hensiktsmessig. Vi viser i samband med dette til forslag frå Lasse Simonsen som vart presentert på det årlege anskaffelsesrettskurset i Sandefjord tidleg i mai. Simonsen foreslår følgjande regel: «*Oppdragsgiver har adgang til å rette en nøytral forespørsel til leverandøren om alle forhold som kan skape tvil om innholdet av tilbudet. En slik rett foreligger selv om svaret vil kunne ha betydning for rangrekkefølgen av tilbudene*».

Fylkesrådmannen ser svært gjerne at ein slik avklaringsrett skal opprettast, og vi meiner dette vil vere ei effektivisering og ei forenkling.

Når det gjeld forhandlingsforbodet vil dette bestå i open og avgrensa anbodskonkurrans, og departementet har i § 17-10 (2) om open anbodskonkurrans og § 17-11 (2) om avgrensa anbodskonkurrans føreslått teksten «*[d]et er ikke tillatt å endre tilbudene eller forsøke å endre tilbudene gjennom forhandlinger*».

Vi er usikre på om det bør vere eit uttalt forbod mot å «*forsøke å endre tilbudene*». Ein ting er at det vil kunne stride med grunnleggjande prinsipp i lova dersom oppdragsgjevar forsøker å påverke tilbydar til å endre tilbudet sitt i strid med forhandlingsforbodet, men ein annan situasjon er der tilbydar forsøker å endre sitt tilbud, for eksempel i samband med at oppdragsgjevar forsøker å gjennomføre ei lovleg avklaring. Det framstår som uklart kva som vil vere konsekvensen av eit slikt forsøk, og spørsmålet er då om føresegna burde nøye seg med å konstatere at det ikkje er tillate å endre tilboda gjennom forhandlingar.

3.3.6 Gjennomføring av anskaffelsesprosedyrene

Når det gjeld reglene om gjennomføring av anskaffingsprosedyrane ønskjer Fylkesrådmannen å påpeike at det hadde vore ryddig med ei tettare knytning mellom den foreslåtte § 17-12 og § 17-16. Det er uheldig at § 17-12 framstiller det som ei absolutt plikt å forhandle med alle leverandørar, når oppdragsgjevar har betydeleg valfridom i § 17-16. Eit forslag for å klargjere dette er at det i § 17-12 (2) vert vist til unntaket i § 17-16.

3.4.2 Avvisning på grunn av formalfeil

Departementet har i forslag til § 18-1 (2) b) sagt at ein oppdragsgjevar kan avvise eit tilbud når det «*ikke oppfyller kravene til utforming*». Eit innspel her er at det med fordel kan klargjerast at dette omfattar krava som oppdragsgjevar sjølv set til utforminga.

3.4.3 Avvisning på grunn av forhold ved leverandøren

Departementet har i ny § 18-2 (2) føreslått ei avvisingsplikt både der leverandøren er rettskraftig dømt og der leverandøren har vedtatt eit førelegg for ei rekke straffbare handlingar, eksempelvis korrupsjon, bedrageri, terrorhandlingar og barnearbeid. Departementet ber særskilt om tilbakemelding på om vedtatt førelegg skal medføre avvisingsplikt.

Fylkesrådmannen er i utgangspunktet positiv til at vedtaking av førelegg for alvorleg kriminalitet skal medføre avvising i offentlege anskaffingsprosessar, då dette vil sikre at vi handlar med seriøse aktørar, og det vert klarare for oppdragsgjevar når avvisingsplikta oppstår.

Det ligg likevel føre ei rekke uavklarte spørsmål knytt til dette. For det første er ikkje omgrepet «vedtatte førelegg» eit universelt omgrep, og dei ulike EU-statane har ulike prosessuelle system og straffereaksjonar. Korleis skal oppdragsgjevar vurdere om ein utanlandsk leverandør har vedtatt eit førelegg, eller berre har ei

dom frå lågare rettsinstansar, som då ikkje skal medføre avvising? Og korleis skal ein oppdragsgjevar vurdere og samanlikne norske og utanlandske leverandørar i ein slik situasjon?

Vidare bør det avklarast korleis forholdet mellom ein rettskraftig dom og eit vedtatt førelegg er tenkt løyst med omsyn til ein maksimal avvisingsperiode og korleis «self-cleaning» tiltak skal virke inn. Det er gjerne ikkje slik at den maksimale avvisingsperioden skal vere lik for ein leverandør som er rettskraftig dømt og ein leverandør som har vedtatt eit førelegg. Det er difor ønskjeleg med ei nærare utgreiing av korleis dette er tenkt løyst både med tanke på den praktiske gjennomføringa knytt til utanlandske leverandørar og førelegginstitutet isolert sett.

3.7.1 Rammeavtaler

Departementet har i forslag til ny § 21-3 (4) sagt noko om korleis ein konkurranse under ein rammeavtale (minikonkurranse) skal gjennomførast. Her er det sagt at leverandørane «skal gi tilbud skriftlig, og oppdragsgiver kan ikke åpne dem før utløpet av tilbudsfristen». Det framstår som noko uklart om dette opnar for bruk av e-post i ein minikonkurranse, og dette bør klargjerast. Som vi påpeika i vår høyringsfråsegn av 30.10.14 vil ei slik mogelegheit medføre ei stor forenkling, utan at dette utgjer noko stor risiko for brot på dei grunnleggjande prinsippa i regelverket.

3. Oppsummering

Fylkesrådmannen er svært positiv til endringane som i stor grad vil medføre ei forenkling av regelverket og ei større mogelegheit til å vektlegge samfunnsfaglege omsyn som miljø, arbeidsforhold og sosiale forhold i anskaffingar. Fylkesrådmannen vil samtidig oppmode departementet om å ikkje formulere større plikter overfor offentlege oppdragsgjevarar enn det vi er forplikta til etter direktiva.

Vi takkar for høvet til å gje høyringsfråsegn, og ønskjer departementet lykke til med det vidare arbeidet.

Trond Amundsen
innkjøpssjef

Kjersti Døssland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.